

## **Referat styremøte Frivillig Rogaland 7.1.2025 kl 17.00-17.40 på Teams**

Oppmøte: Eva-Maria Gärtner, Atle Melangen, Robert Raustein, Paul Eggen, Linda Thorsvik, Åsmund Sigmundstad.

Forfall: Simone Neuman

Eva-Maria Gärtner var møteleder.



### **Sak 1/25: Godkjenning av innkalling og sakliste.**

Styreleiar beklaga sein utsending av innkalling og sakliste.

Vedtak: Godkjent.

### **Sak 2/25: Godkjenning av referat frå styremøte 10.12.2024.**

Vedtak: Godkjent.

### **Sak 3/25: Saker til årsmøtet den 20. februar**

Vanlege årsmøtesaker og orientering om studietur 2025. Sekretær tar kontakt med valkomiteen og minnar dei på at innstillinga frå valkomiteen må vere klar seinast innan 20. januar. Styret kjenner til at det er minst 3 saker i tillegg. Det er sendt ut epost til alle sentralar i Rogaland om at fristen for å sende inn forslag til saker til årsmøtet er 15. januar. Det er opna opp for [påmelding til årsmøtet](#), det blir også tilrettelagt for å delta digitalt.

Saker til årsmøtet skal sendast ut til medlemssentralane den 22. januar.

### **Sak 4/25: Rapportering til fylkeskommunen**

Frivillig Rogaland har sendt inn rapport til fylkeskommunen. Rapporten skal bli sendt ut til styremedlemene og vil bli lagt fram for årsmøtet.

### **Sak 5/25: Bestemme dato og tid for neste styremøte som blir siste møte før årsmøtet**

Saker til møtet: Årsmelding, Rekneskap, budsjett, årsplan, forslag til kontingent. I tillegg er det innsendte saker frå medlemssentraler. Vurdere om styret skal ha innstilling til dei sakene som blir lagt fram for årsmøtet.

**Vedtak:** Neste styremøte blir 21. januar kl 17.00 på Teams.

Referent Åsmund Sigmundstad

<https://rogaland.frivilligsentraler.no/>